



Medlemmar av SU / SKMU Seim skule 2016-2017

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2409 - 17/14234

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

15.05.2017

## Referat frå møte i SU / SKMU 26.april 2017

**Tilstades:** Benedicte Rikstad (FAU), Lisbeth Schellhorn Jacobsen (FAU), Ingeborg Myksvold (politisk repr.), Susanne Håland (lærer), Marit H Larsen (lærer), Kjersti Espenes (andre tilsette), Sebastian S Spurkeland (elevrådet), Sølve Hopland Nesse (elevrådet) og Anne Wergeland (rektor)  
Betinna G Risa frå elevrådet kunne ikkje møte (leirskule).

### Sak 1/17 Godkjenning av referat og sakliste

Godkjend

### Del 1 Skulemiljøutvalet (SKMU)

#### Sak 2/17 Elevundersøkelsen haust 2016 – drøfting av resultat

Elevundersøkelsen er obligatorisk for 7.klasse og frivillig for 5. og 6.trinn. På Seim vert Elevundersøkelsen gjennomført på 5., 6. og 7.trinn kvart år. På [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no) vert resultat frå 7.trinn publisert på alle nivå (skule, kommune og nasjonalt). Skulen kan sjølv hente resultat for 5. og 6.trinn.

I drøftinga rundt resultat på Elevundersøkelsen vart det av fleire peika på at tala er vanskeleg å tolke. Ein må sjå på resultatet som innspel frå elevane. Det gir mest informasjon å sjå på kvart tema og tilhøyrande spørsmål og svar. Samanlikna med resultat frå andre skular i Lindås, Hordaland og nasjonalt, har elevane på Seim i hovudsak vektla ulike spørsmål positivt, på mange spørsmål meir positivt enn andre og på nokre litt mindre positivt. Utan samanlikning med andre, men ved aleine å sjå på resultatata på Seim peikar følgjande område seg ut som Seim skule sin styrke:

- Høg grad av trivsel
- Dei fleste elevane får svært god støtte frå heimen
- Dei fleste svarar også at dei får god støtte frå lærarane

Når det gjeld utfordringar på Seim, peikar følgjande område seg ut:

- Elevane sin motivasjon for skularbeid
- Vurdering for læring

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

[www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Mobbing:** Tala her var også vanskeleg å lese, da det var mykje «prikka» resultat. Det vil seie at tal ikkje kjem opp, grunna låg svarandel. Tala vert da unntatt frå offentlegheit grunna personvern.

Det vart frå foreldra etterlyst vedtak om «program mot mobbing» i Lindås kommune, jf. Kvalitetsplan for oppvekst. Pr i dag er det ikkje vedtatt å ta i bruk program ut over dei som allereie er nytta (DUÅ, Zippy, MOT, ART). Foreldra ynskjer å følgje dette opp. Elles var det semje om at kontinuerleg bevisst jobbing med skulemiljøet, førebyggjande tiltak og handlingsplan når skulen får melding/eller sjølv avdekkjer mobbing er særskild viktig. Vurdering for læring kjem også inn her.

### **Sak 3/17 Miljøretta helsevern – rapport frå tilsyn 24.januar 2017**

Rapporten frå tilsynet vart gjennomgått. Skulen fekk ingen avvik, men fem merknadar. Skulen skal gi ei tilbakemelding til avdeling for miljøretta helsevern innan 1.mai.

Rapporten vart tatt til etterretning. Skulen har ansvar for oppfølging. Tilbakemeldinga vert lagt ved dette referatet.

## **Del 2 Samarbeidsutvalet (SU)**

### **Sak 4/17 Tilbakemelding frå elevrådet om aktuelle saker**

Saker som er handsama i elevrådet:

- Elevundersøkelsen: Klassene har sett på resultatane, men elevane synes det er vanskeleg å drøfte tala.
- Kom og leik: Oppstart av ny periode i mai
- Ynskje om innkjøp av utstyr til uteskuret og ulike uteleikar: Skulen arbeider med bestillingsliste

### **Sak 5/17 Tilbakemelding frå FAU om aktuelle saker**

- Nytt uteområde der det gule huset står, god prosess.
- Ballvegg; ingen folk til dugnad, ingen pengar så langt, men vi gir ikkje opp!
- Skulemåltid – ekskursjon til Radøy, 2 representantar frå FAU. Sjå sak 6/17 om same sak.
- Trafikksikring – innspel er sendt inn til kommunen. FAU ventar på svar/iverksetting av tiltak (skilting og gangveg)
- 17.mai – planlegginga er i rute
- Foreldremøte – tema: «Samarbeid heim – skule» - gjennomført. God oppslutning og gode tilbakemeldingar.
- Topptrimmen; oppdatert turskildring delt ut i alle meldemapper, andre fjellturar og poengutrekning må vurderast. Kan tal km gi poeng? Benedicte tek innspel tilbake til dei som står for «Topptrimmen».
- Byttemesse – låg oppslutning, kanskje til hausten?
- Utlånsbibliotek – vert jobba med
- Kommunalt foreldreutval, brev om dette skal opp i neste FAU-møte

### **Sak 6/17 Tilbakemelding frå skulen om aktuelle saker**

- Orientering om budsjett og rekneskap 2016 og 2017. Skulen kom i hamn utan store avvik i rekneskapet for 2016. Littmeir usikkert når det gjeld SFO. Her var det avvik, men det kan skuldast utviding av SFO til 11-mndrs.-tilbod i år
- Utvikling og drift på Seim skule. Skulen arbeider med tre utviklingsområde, leseing (Leselos), styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning og «Vurdering for læring». På alle tre

områda ser vi gode tendensar, men vi er ikkje i mål. Arbeidet på desse område vert vidareført neste skuleår.

- På sist møte i SU, vart det etterspurde kva tiltak skulen sett i verk i høve dei sterke elevane. Bakgrunn for spørsmålet var **NOU 2016: 14 - Mer å hente Bedre læring for elever med stort læringspotensial**.  
Fleire klasser på Seim har ekstra opplegg for sterke elever:  
1.klasse:  
Norsk: Elevane har individuell leselekkse i småbøker. Tre elevar har fått begynne så smått med løkkeskrift.  
Matte: I matematikk vert det tilrettelagt med ekstraoppgåver til dei elevane som blir fort ferdige med arbeidet sitt.  
2.klasse:  
Norsk: Alle elevane følgjer klassen sitt opplegg, men 3 elevar får i tillegg ekstraoppgåver på eit høgare nivå enn klassen.  
Matematikk: Det er elevar som får ekstraoppgåver i faget i ganging.  
3.klasse:  
Har ein elev som får ekstra utfordringar i norsk. Desse oppgåvene blir bestemt i samarbeid med foreldra. Eleven har til dømes laga ein powerpointpresentasjon om Astrid Lindgren og ein Kahoot. 3 elevar jobbar med 4.klasse si matematikkbok. Dei er ferdige med Multi for 3.klasse og har gjennomført Multi-prøven for 3.klasse.  
4.klasse:  
Plussgruppe i matematikk. Dei jobbar saman med ein frå ungdomskolen 2 timar kvar tysdag. Elevane på plussgruppa skal jobbe meir og ha raskare framdrift enn dei andre.  
5., 6. og 7.klasse:  
Generelt vert det tilrettelagt med ekstraoppgåver og individuell trening / jobbing på høgare nivå enn klassen. Tilbod spesielt i matematikk – årsprøve i faget når eleven er ferdig med læreboka på eige årstrinn. Deretter lærebøker frå høgare klasstrinn. I norsk og spesielt lesing får elevane lesetekstar etter nivå. I dei andre faga vert det også så langt mogleg, tilpassa i tråd med elevane sine behov.  
Nasjonalt: Nettressurser er under utarbeiding. Dette kan bli til god hjelp for denne elevgruppa.
- Lærarkurs i koding – eit tilbod
- Uteområde nord (der det gule huset stod). Framdriftsplanen er usikker, men skulen håper at arbeidet kjem i gang i juni.
- Matsservering på skulen – rektor og FAU har vore på synfaring på Sæbø skule (ikkje same dag)
  - o FAU: Fint opplegg, god organisering, enkel gjennomføring, frukt og mjølk var ein del av ordninga. FAU kan godt tenkje seg skulemåltid på Seim og meiner Seim skule egner seg for eit slikt tiltak.
  - o Rektor og dei vaksne frå skulen er einig i at skulemåltid kan vere eit godt tiltak, men det krevst ekstra bevilgning til løn til «kjøkkenansvarleg». Skulen ynskjer ikkje å bruke midlar frå rammetimetalet. Det er snakk om ei stilling på 60-80%. Meir om kosthald og helse i [Nasjonal handlingsplan for betre kosthold \(2017-2021\)](#)
    - «Fiskesprell» – eit prioritert prosjekt i handlingsplanen

**Eventuelt**

- Ingen saker

Med helsing

Anne Wergeland  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Medlemmar av SU / SKMU Seim  
skule 2016-2017